



Nr. 5 - SEPT. 1990 - 18. ÅRGANG

RYGJAVEGEN

BEDRIFTSBLAD FOR STATENS VEGVESEN ROGALAND



Ryfylkevegen er 25 år.
Jubileet er markert ved fleire
høve, m.a. under Ryfylke-
dagane 1990 i Sand.
Flyfotoet er frå Erfjord, der
me ser ein del av Ryfylke-
vegen med Erfjordbrua
omtrent midt på biletet.
(Jubileumstoff på side 4-7)



AV INNHALDET:

- Ryfylkevegen 25 år
- Transportplan for storbyområdet
- Biltilsynet i Egersund tok sjansen
- Bedriftsidrett



Nr.5 - September 1990

Redaktør

Harald Sel

I redaksjonen

Johan Lund
Eva Vivoll

Redaksjonsråd

Svein Dahle
Njål Hanasand
Irene Stangeland
Ole Tamburstuen
Rosalyn Wiik
Solveig Yndesdal

Sats/layout

Bodil Dam Bustad

Trykk

Allservice A/S

Forsidefoto

Kyllingstad og Furenes A/S

Baksidefoto

Harald Sel

Opplag

1500 eksemplar

INNHOLD

- 3 Vedlikeholdet inn i 90-årene
- 4 Ryfylkevegn 25 år:
 - Markering på Sand
- 5 - Bokmelding: Ryfylkevegen
- 6 - Nytt Jøsenfjordsamband
- 7 - Song til ferjestø-åpning i Nesvik
Hovedplan for Høgsfjord-kryssing blir godkjent
- 8 Transportplan for storbyområdet Stvgr./Sandnes/Sola
 - Programerklæring
 - Intervju med fylkesplansjef Per Frøyland Pallesen
- 10 Hils på kopisten vår, Jostein Aadnøy
- 11 Trygg skuleveg-kryssing i Ganddal
Slutt med kjemisk sprøyting innan 4 år
- 12 Vegeniørens årsmøte 1990 i Rogaland
- 13 Kantstolper fra Hordaland Grense til Lyngdal
Tenk miljø! Stopp motoren mens du ventar
- 14 Intervju med vegveteranen Bernhard Skarås
- 15 Vegopning Tohammer - Rekefjord i Sokndal
- 16 Pensjonister i nordfylket
Bedriftstur til Lysefjorden
- 17 Mi meinig
Sykkel og tog-system på Jærbæren
Er bilen uangripelig
- 18 Biltilsynet i Egersund tok sjansen !
- 19 Kryssord
- 20 Tilbakeblikk på betongblanding og støpningsmetoder
- 21 Samferdselskampanje fra Naturvernforbundet
- 22 Nytt fra bedriftsidrettslaget
 - Vårens vakreste eventyr
- 23 - Ny vri på Veg-cupen
- 24 - Etatsmesterskap i landevegsløp
- 25 - Det swinger i vegvesenet
- 26 Vern og helse
Fodgjengarstasjon
- 27 Debatt
Personalnytt
Tillitsvalgtes spalte

Transportplanar og trafikk-løysingar

For dei fleste av oss er trafikk-kaos og alvorlege miljø-problemer i utanlandske storbyar skræmande opplevingar. Paradoksalt nok kan ein på dette området oppleve enkelte aust-europeiske byar som reine "oaser" samanlikna med byar i vest. Midt oppe i dei dramatiske miljø-katastrofane, som me stadig får meir kunnskap om, har me kanskje likevel litt å læra av måten enkelte byar i aust har organisert transporten.

F.eks. var eg nyleg i ein bulgarsk by, omtrent like stor som Stavanger. Til bustadområda rundt bykjernen var det bygt eit finmaska trolleybuss-system. Sjølve bykjernen var bilfri, og med eit fargerikt og pulserande folkeliv.

Arbeidet med Transportplanen for storbyområdet Stavanger/Sandnes/Sola er i gang. Målsettinga er å styra utviklinga mot gode og miljøvennlege transportløysingar, slik at me mellom anna kan unngå det trafikk-kaoset som så mange byar er plaga av.

Me må finna fram til fornuftige heilhetsløysingar, seier fylkesplansjef Per Frøyland Pallesen i eit intervju i dette nr. av Rygjavegen. Me får håpa at dei som skal arbeida ut transportplanen lukkast i denne målsettinga.

Harald Sel

Vedlikeholdet inn i 90-årene

Av vedlikeholdssjef Olav Øyvind Hamre

Står vi foran nye utfordringer i 90-årene eller kan vi slå oss til ro med dagens måte å organisere og utføre vedlikeholdsdriften på? Noen vil hevde at all forandring er ikke vekst liksom ikke all bevegelse skjer forover, mens andre vil hevde at den som står med begge beina trygt plantet i jorda står stille og snart vil bli passert av andre.

Jeg tror vi snart vil sakke akterut dersom vi ikke greier å fange opp de signaler vi får fra våre omgivelser, vegbrukere og politiske myndigheter, om hvilke behov og tjenester de forventer at vi skal takle i fremtiden.

At vegvesenet i 90-årene skal drives ut fra prinsippet om målstyring og resultatrettet ledelse er bestemt. Det betyr også for vedlikeholdet at vi må i stadig større grad dokumentere vår konkurranseevne og rapportere om vi har nådd de fastsatte mål.

Vi ser at det stadig blir fokusert sterkere på miljøet. Her må også vedlikeholdet gjøre sin innsats. Stikkordsmessig kan nevnes ting som vedlikehold av vegetasjon, vedlikehold og utforming av rasteplatser og støyskjermer, renhold av vegbane og fortau, støysvake vegdekker, miljøvennlig merkemaling, redusert bruk av kjemiske sprøytemidler osv.

Vi kommer til å ta i bruk ny teknologi for å overvåke og styre de stadig mer kompliserte tekniske installasjoner i sterkt trafikkerte bytunneler og undersjøiske tunneler, variable skilt, signalanlegg og værstasjoner. Dette for at vi også skal forbedre vår formidling av vegmeldinger til trafikantene. Det vil fortsatt bli stilt store krav til vedlikeholdets innsats i trafikksikkerhetsarbeidet. Vi kommer sikkert til å videreutvikle kontakten med vegbrukere med sikte på å justere innsatsen i det trafikkrettede vedlikeholdet mot trafikantens behov.

Jeg tror imidlertid at også i 90-årene vil framkommeligheten stå i høysetet hos trafikantene. Det vil



stille store krav til det strukturelle vedlikeholdet for å opprettholde standarden med hensyn til spor og jevnhet på vegdekkene, men også for å takle utviklingen i aksellastpolitikken.

Vedlikeholdet av våre bruer vil sikkert gi oss større utfordringer pga. skader som følge av karbonatisering og klorid-innretning som fører til korrosjon av armeringen. 90-årene vil også i større grad bære preg av at ferjestrekningene er en del av vegnettet og at tilbuddet til framkommelighet på land og sjø i størst mulig grad utjevnes.

Utfordringene for vedlikeholdet i 90-årene er mange og spennende. Det vil kreve at vi stadig må øke vår kompetanse, ta i bruk ny teknologi og videreutvikle vår organisasjon. Jeg ser optimistisk på at vi skal makte å gjøre jobben vår dersom politikerne gir oss mulighetene ved å gi oss de bevilgninger jobben krever.

Ryfylkevegen 25 år: Stilfull markering på Sand

Tekst og foto: Johan Lund



Mykje folk samla på torget på Sand. Her er vegsjefen flankert av brødrene Bjørn Sandvik til venstre, nylig pensjonert anleggsleiar, og Birger Sandvik, oppsynsmann i vedlikehaldet. Begge desse jobba i si tid på Ryfylkevegen i anleggsfasen.



Opplading til feiringa. Fra venstre Harald Gederø, Audun Løken, Ingrid Gederø, Chester Danielsen, Svein Magne Olsen og Olav Øyvind Hamre. Løken, Danielsen og Hamre var aktive i anleggsfasen for Ryfylkevegen.

Markeringa av at Ryfylkevegen er 25 år skjer i 4 trinn i eit samarbeid mellom dei direkte berørte kommunane Forsand, Strand, Hjelmeland og Suldal, Rogaland Trafikkselskap, Ryfylkerådet og Statens vegvesen Rogaland.

1. trinn var innviinga av den nye storferja "Stavanger" i Tausambandet 4. april. 2. trinn var opninga av dei nye ferjekaiene i Hjelmeland og Nesvik 1. juni og 3. trinn var sjølve feiringa av jubiléet på Sand 9. juni. 4. trinn vil vera avdukinga av eit minne over Torgeir Espedal, "Ryfylkevegens far", 2. september på Forsand.

Feiringa på Sand

Markeringa på Sand var lagt til Ryfylkedagane 1990, cit svært heldig val. Det var musikkstemne og friidrettsmesterskap i desse dagane, og folk var på beina i strandstaden som på ein 17. mai og meir til. Butikkane hadde flytta diskanc ut på gata, og det krydde av folk over alt. Når så sommarveret slo til for fullt, måtte det bli vellukka.

Torget var rigga til som ein festplass. Sand Skulekorps spela både før og etter dei verbale innslaga. Tilstelninga vart leia av kultursjef Audun Skjelbræid i Suldal. Det var talar av fylkesordførar Røtetal og ordførar Bakka i Suldal.

Bakka heldt m.a. fram Ryfylkevegen si rolle som samlande element i ein grisgrendt region, der ei positiv utvikling er avhengig av betre vegar for å korta inn tid og rom.

Røtetal sette Ryfylkevegen og andre samferdsletiltak som nå vert realisert i samanheng med den prosess som vart sett i gang i 1970-åra med utforming av fylket sin samferdslepolitikk. I dette bilaget er Rønfast og Høgsfjordsambandet viktige element.

Utan mat og drikke...

På Sand Gjestcheim var det duka til festleg middag for særskilt innbedne. Det kunstnariske innslaget sørga felespelar Torkel Tveiten for. Han gav til beste nokre spelestykke frå Rogaland og andre fylke.

Etter lammesteika var det mange talar og helsingar. Vegsjefen gav i sin tale cit kort oversyn over arbeidet med prosjektet. Svært mange av etaten sine

folk hadde vore engasjert i dette anlegget, som den gong var det klart største i fylket. Arbeidet med Ryfylkevegen var på mange vis eit slags svennestykke for dei som var med, både for vegarbeidarane, oppsynet og ingeniørane.

Det manglar enno noko på ferjefri Ryfylkeveg, som det tok 30 år å byggja. "Gjev oss midlane, så skal det ikkje gå 30 år på fullføringa", sa vegsjefen, og det var likt til at forsamlinga trudde på han. Han hadde både Høgsfjord- og Sandsfjord-kryssingane i tankane.

Vegsjefen overrekte ordføraren eit bilet av ei planskape. Dette var forløparen til den eigentlege jubileums-gåva, ei oppussa original planskape som seinare skal overrekkjast til Ryfylkemuseet.


"Stammen på eit tre"

Det var elles helsingar, gratulasjonar og godynskje frå m.a. formann i Rogaland Reiselivsråd, Reidulf Vignes, frå Ryfylkerådet ved ordførar Sigurd Risa, Finnøy, frå fylkessamferdselsstyret ved Håkon Helgøy, samt frå den første ordføraren i storkommunen Suldal, Karl Helgeland. Helgeland teikna eit levande bilet av Ryfylkevegen si rolle for lokalsamfunna langs vegen. Han likna vegen med stamma på eit tre som bringer saft og kraft til ytterste grein (grend).

Mosterøy skulekorps spela nokre nummer før bordseta.



Karl Helgeland, tidlegare ordførar i Suldal, hadde ikkje problem med å gjenoppliva grunngjevinga for Ryfylkevegen i sin helsingstale.



Frå den offisielle opninga av Ryfylkevegen 2/9-65. Frå venstre: Fylkesordførar Erling Larsson, fylkesmann Paul Ingebretsen, samferdselsminister Erik Himle, vegdirektør Karl Olsen og vegsjef Trygve Gimnes

Bokmelding:

Ryfylkevegen i fortid, nåtid og framtid

I samband med 25-års-jubileet for Ryfylkevegen har Njål Tjeltveit skrive boka "Ryfylkevegen". Det har blitt ei fin og særskilt interessant bok, - ei bok som me vil tilrå alle å lesa. Og for vegesens folk som bur og arbeider i Ryfylke, bør det vera ei bok som får fast plass i hylla.

Njål Tjeltveit tek oss med gjennom historia til Ryfylkevegen frå planane blei lagde fram første gongen til vegen sto ferdig i 1965. Vidare tek han for seg utviklinga dei siste 25 åra fram til i dag, og han tek for seg "framtidsvegen", - den som kanskje får den første neddykka røyrbrua i verda. Boka er illustrert med mange foto frå milepelar og hendingar i Ryfylke si veg- og samferdselshistorie.

I det rikhaldige kjeldematerialet Njål Tjeltveit har gått igjennom under arbeidet med boka, har han funne mykje interessant. F.eks. at mange privatpersonar og politikarar i Stavanger under debatten i 30-åra, på same måte som i dag, var negative til at Sandnes skulle vera utgangspunkt og endestad for Ryfylkevegen. Resultatet den gongen blei ei kompromissordning der Stavanger kravde ferje mellom Tau og Stavanger som vilkår for å gje pengestøtte til Ryfylkevegen.

I dag blir det argumentert på same måte frå Stavanger-hald til fordel for ei anna ferjefri ordning enn Høgsfjordløysinga. Om dette skriv Njål Tjeltveit:

"Stavanger sine interesser kan sjølsagt tapa på at ein stor del av Ryfylke-trafikken går om Sandnes. Men Stavanger sentrum er ikkje så dominerande som i 1930-åra. Folk har i dag liksåvel ærend til Forus-området som til det tradisjonelle sentrum i Stavanger, og bilen gjer at folk lett flyttar på seg frå ein stad til ein annan i Stavanger-Sandnes-området."

Som sagt: Ei fin og interessant bok. Og me må leggja til: Ei særskilte bok. Njål Tjeltveit skriv godt, og han brukar eit rikt og folkeleg språk. "Vegstandard og vegutbygging betyr mykje for framgang og trivsel i Ryfylke", heiter det i ei av dei siste linene i boka. Det er godt at regionen har kulturarbeidarar av Njål Tjeltveit sitt format, som har forstått at det også er viktig for framgang og trivsel at Ryfylke er seg sjøl, - både språkleg og i andre kulturelle samanhengar.

Njål Tjeltveit

Ryfylkevegen Dreyer Bok 1990

Harald Sel

Ryfylkevegen 25 år: Jubel over nytt Jøsenfjordsamband

Tekst og foto: Harald Sel

1. juni var ein festdag i Hjelmeland. Rett nok jubla ikkje alle over det nye ferjesambandet mellom Hjelmeland og Nesvik. Desverre er det her som så ofte elles: Det som er til glede og nyvinning for dei mange vil for nokre få vera til ulempe. I dette tilfellet er det folket i Vormedalen som kommunikasjonsmessige kjem meir i bakevja, etter at ferjesambandet Tøtlandsvik - Vindsvik er borte.

Vegen og kommunen

Men om ikkje folket i Vormedalen jubla, var feststemninga desto større på Jøsneset. Når jøsnesbuen tidlegare skulle til kommunesenteret måtte dei reisa vel 30 km på veg pluss ferje, og same vegen heim att. Frå 1. juni er Hjelmelands-reisa berre ein liten svipttur fram og tilbake med ferja. Så det er ikkje rart at så godt som heile bygdefolket på Nesvik-sida hadde møtt fram til den offisielle opninga av Nesvik ferjestø.

Med opnings-ferja frå Hjelmeland-sida kom også 2 - 300 feststemte

menneske og blanda seg med sambygdingane på nordsida av fjorden. Så det var folksamt ved kai-området på Nesvik då tredjeklassingen Henrik Nesvik foretok den offisielle opninga av ferjestøet. Etterpå framførte elevane ved Jøsneset skule ein song dei hadde laga til opningsseremonien. (Denne har me gjengitt på neste side.) Og til feiande tonar frå skulemusikkorpsa i kommunen, drog deretter ferja over fjorden att til Hjelmeland.

Vegen og regionen

På Hjelmeland-sida foretok ordførar Håkon Helgøy den offisielle opninga. I talen sin understreka han den betydninga Ryfylkevegen har hatt for regionen i 25 år, og han såg framover:

- Me drøymer om ein ferjefri Ryfylkeveg, sjøl om det truleg vil ta tid før både Høgsfjorden, Jøsenfjorden og Sandsfjorden får ferjefri kryssing. I mellomtida må me sørga for å rusta opp Ryfylkevegen, sa Helgøy.

Ordføraren understreka vidare at den nye kryssinga av Høgsfjorden er eit

merkbart bidrag i opprustningsarbeidet. Ikkje berre blir vegen 9 km kortare. I tillegg slepp ein å kjøra over høgdedraget mellom Hjelmeland og Tøtlandsvik. Specielt under skiftande verforhold om vinteren, har dette vore ei problemstreking på Rv.13.

Feststemning og ferjeservice

Som på Nesvik, var det skikkeleg feststemning også på Hjelmeland ferjestø. Ikkje minst var det populært at Hjelmeland bondekinnelag serverte kaffi og mat.

Fint var det også at det ble gjort stas på dei to veteranane på Jøsenfjordferja, skipper Kåre Vågane og matros Gulleiv Norheim. Begge har arbeidd på ferja sidan første turen for 25 år sidan. Ordførar Håkon Helgøy intervjuja dei to.

Her understreka han særleg den publikumsbehandlinga som ferjemannskapet på Jøsenfjordsambandet er kjente for.

Etter opninga var det middag på Nøkling pensjonat for arbeidarane på dei to ferjestø-anlegga og andre innbedne gjester.



Tredjeklassingen Henrik Nesvik foretar den offisielle opninga av Nesvik ferjestø. Omkring seg har han frå v.: Fylkesmann Kristin Lønningdal, ordførar Håkon Helgøy, NRK-reportar Njål Tjeltveit og vegsjeif Chester Danielsen.

Hjelmeland ferjestø

- Oppstillingsplass for 60 bilar til Nesvik og 12 til Ombo
- Blir bygd parkeringsplass for langtidsparkering
- 750 m ny veg til kaiområdet
- Omlegging av 150 m veg mot Hjelmeland
- Gang- og sykkelveg langs ny veg
- Total kostnad: ca 7,8 millionar kr

Nesvik ferjestø

- Oppstillingsplass for 40 bilar til Hjelmeland og 15 til Ombo (Kan utvidast til 70 bilar.)
- Blir bygd parkeringsplass for langtidsparkering
- 300 m ny veg til kaiområdet
- Mykje fjellsprenging (25.000 kbm). Overskotsmasse er plassert i molo, som er overtatt av kommunen og Jøsneset velforening.
- Total kostnad: ca 7,9 millionar kr

Song til åpning av ferjestøa i Nesvik

mel.: Nisser og dverge

Fredag den første juni i nitti
åpnar me kaien på Nesvik, så flott.
Då får me ferje frå Hjelmeland til Nesvik.
Tytlandsvik og Windsvik er då lagde ned.

Dette blir framskritt for Jøsnesbuen.
Nå kan dei reise til sentrum og få
nytte av alle goder der borte
spinneri og idrettshall, me veit ikkje alt.

Ryfylkevegen har jubileum,
tjuem år har han alt vore til.
Då kan det passe å sjå tilbake,
korleis samferdsla har endra seg.

Ni år har gått si' vegen frå Windsvik
kom ut til Nesvik og Jøsneset fekk
store forandring i kommunikasjonen.
Damp'n til Stavanger, den slutta å gå.

Med fjordabåtar folk drog til byen,
drøste og tatla og hadde god tid.
Båten han stoppa, lasta og lossa
eple og pærer, poteter og melk.

Nå er det slutt på den gamle tida.
Minne det er, men me lurer nå på.
Korleis det går med Høgsfjordprosjektet
- ferdsla i Ryfylke utviklar seg.

Elevar ved Jøsneset skule



Det var stor stemning på Nesvik under opningsseremonien. Her framfører elevar og bygdefolk ein song laga av elevar ved Nesvik skule

Hovedplan for Høgsfjord-kryssing blir godkjent Røyrbru like sikkert som andre fjordkryssingsmetodar

Av Lidvard Skorpa

Vegdirektoratet har gjennomført omfattande vurderinger av sikkerhet for røyrbruer. Den fremste ekspertisen i landet har vore engasjert, og konklusjonen er klar: Ein kan oppnå like stor sikkerhet ved røyrbruer som ved andre fjordkrysningsetodar som bruver eller fjelltunnel.

Då Vegdirektoratet godkjende hovedplanen for Høgsfjordprosjektet i november i fjor tok dei ikkje stilling til teknisk løysing for fjordkryssinga. Sjølv om dei klart sa at dei vurderte røyrbru som den beste løysinga, og for så vidt ikkje såg noko som tyda på at den ikkje ville bli godkjend, ville dei vente med planvedtak til det var lagt fram ei samla sikkerhetsmessig vurdering.

I byrjinga av mars i år la VERITEC, som er Vegdirektoratet sin hovedkonsulent i FOU-rørbuarbeidet, fram ein omfattande rapport om alle sikkerhetsmessige sider ved ei røyrbru over Høgsfjorden. I tillegg til denne rapporten har professorane Ivar Holand

og Torgeir Moan, og dr.ing. Svein Fjeld gjennomført ein sikkerhetsmessig vurdering. Alle desse tre er anerkjente fagfolk på sikkerhet, også i internasjonal samanheng. I konklusjonen seier dei mellom anna:

"Undervannsrøbruer bygger i det vesentligste på godt kjent og oversiktlig teknologi. Ein kan oppnå samme sikkerhet som ved andre fjordkrysningsetodar dersom en treffer passende tiltak for å redusere sannsynlighet og konsekvens av kritiske hendinger".


Ut frå denne positive konklusjonen går Bruavdelinga no inn for at hovedplanen for kryssing av Høgsfjorden med røyrbru blir godkjend.

Med denne klare uttalelsen kan vi vente hovedplansvedtak for røyrbruløysinga med det aller første. Hovedplansvedtaket vil vere ein av dei viktigaste milepelane i arbeidet med å realisere verdens første neddykka røyrbru over Høgsfjorden.



Matros Gulleiv Norheim og skipper Kåre Vågane har arbeidd på Jøsenfjord-ferja sidan første turen for 25 år sidan. Her blir dei intervjuet av ordførar Håkon Helgøy

Transportplan for storbyområdet Stavanger / Sandnes / Sola



Arbeidet med Transportplan for storbyområdet Stavanger/ Sandnes/ Sola er i full gang. Organisasjonen er etablert med fylkesordførar Arne Rettedal som formann i den politiske styringsgruppa.

Bakgrunnen for planlegginga ligg i Stortinget sitt vedtak i samband med Norsk veg- og vegtrafikkplan 1990-93. Her framgår det at samla transportplanar skal utarbeidas for dei 10 største byområda i landet.

I den tida planarbeidet pågår, fram mot slutten av 1991, vil Transportplansekretariatet regelmessig gi ut eit informasjonsblad. Også i Rygjavegen vil det bli stoff om transportplanen og framdrifta i dette viktige arbeidet. Denne gongen tar me med litt om programerklæringa og me har eit intervju med fylkesplansjef Per Frøyland Pallesen.

Me viser elles til orientering ved Thorvald Kåre Lone i Rygjavegen nr.3 - april 1990.



Per Frøyland Pallesen

Intervju: Harald Sel

Det kan sciaut om fleire, at dei er nøkkelpersonar i arbeidet med Transportplanen for storbyområdet Stavanger/Sandnes/Sola. Fylkesplansjef Per Frøyland Pallesen er ein av dei. Han er med i sekretariatet for Politisk styringsgruppe saman med vegsjef Chester Danielsen. Dei to representerer kvar for seg stor fagkunnskap, og begge vil dermed vera viktige ressurspersonar i arbeidet med planen.

For Per Frøyland Pallesen sin del vil det nok vera ein styrke at han ikkje representerer ein spesiell sektor. Som fylkesplansjef er han ikkje ukjent med å vega ulike mål mot kvarandre for å nå fram til formufile heilhetsløysingar.

Oppnå fleire mål samtidig

Formufile heilhetsløysingar er nøkkelord i arbeidet med Transportplan for Stavanger/Sandnes/Sola, seier Per Frøyland Pallesen. - Her kan det ikkje vera som så ofte elles i planarbeid, at enkelte mål, f.eks. vegtrafikk, utbygging eller jordvern, er overordna andre mål. Me må få ein prosess der ein kan vega mange sentrale mål samtidig, og ved det finna løysingar der også måla i størst mulig grad kan oppnås samtidig.

Konstruktivt samarbeid

Pallesen set store forhåpningar til samarbeidet, som ved dette transportplan-arbeidet er etablert mellom

Programerklæring

Prosjektgruppa og Styringsgruppa i Transportplan for Stavanger/Sandnes/ Sola har utarbeidet en Programerklæring for transportplanen.

Målformuleringene her danner grunnlaget for arbeidet. Når dette

skrives, er målformuleringene ikke endelige. Men i det store og hele er målsettingen klar.

I stikkordsform vil vi her oppsummere noen hovedpunkt i Programerklæringen.

MILJØ

- * Miljø må vurderes helhetlig
- * Forurensning skal reduseres i samsvar med internasjonale og nasjonale mål
- * Trafikkulykkene skal reduseres i samsvar med nasjonens mål og i samsvar med Trafikksikkerhetsplan for Rogaland
- * Transportsystemet skal utvikles slik at helseskader forebygges
- * Gode muligheter for å gå, sykle eller reise med kollektive transportmidler

BYSTRUKTUR

- * Transportsystemet skal bidra til gode og trygge oppvekstvilkår
- * Kultur-, natur og landskapsområder skal sikres
- * Arealdisponering som gir gode helhetsløsninger
- * Friluftsområder skal være gode og lett tilgjengelige

TRANSPORT

- * Redusere transportarbeidet
- * Forbedre tilgjengeligheten
- * Kollektivtrafikkens andel økes
- * Kollektivtrafikken sikres framkommelighet
- * Et godt sammenhengende hovedvegnett
- * Et godt sammenhengende gang- og sykkelvegnett

Transportplan for storbyområdet Stavanger / Sandnes / Sola

Fylkesplansjef Per Frøyland Pallesen: - Fornuftige heilhetsløysingar er nøkkelord

fylkeskommunen, fleire kommunar og fleire statsorgan. Her er alle med i eit samarbeid på ein konstruktiv måte. Samarbeidet er også forpliktande, i den forstand at det skal munna ut i konkrete resultat som m.a. skal danna grunnlag for Norsk veg- og vegtrafikkplan 1994-97.

Sjanse for miljø-mål?

Men så kan ein spørja, og det gjer me: Når ulike mål skal vegast mot kvarandre, vil ikkje likevel tradisjonelle nytte/kostnadsvurderingar i siste omgang bli tillagt avgjerande vekt? Har miljømessige mål nokon sjanse i ein transportplan der kostnadseffektive løysingar er eit hovedmål?

Dette er vanskeleg, vedgår Per Frøyland Pallesen, men han trur dei miljømessige sidene vil få gjennomslag.

- Noko av det fundamentalt nye ved dette transportplan-arbeidet er nettopp at dei miljømessige måla høyrer med til dei "tunge" måla. Me har nasjonale og internasjonale rammebetingelsar, som me må forholde oss til. I tillegg er miljø-omsyn, frå politikarane si side, tillagt betydeleg større vekt enn tidlegare også lokalt og regionalt.

Frå krise til godt kollektivtilbud

- Korleis kan du forklara dette lokal-politiske miljø-engasjementet f.eks. i relasjon til krisa innan kollektivtransporten, og i første rekke rutebilnæringa i Rogaland? Viser ikkje dette at det er greit å snakka miljø, både for politikarar og andre, så lenge det ikkje kostar?

Pallesen meiner at ein må vera forsiktig med å dra forhasta konklusjonar, med bakgrunn i den vanskelege situasjonen for kollektivnæringa.

- Denne krisa er situasjonsbettinga. Ein prosess er i gang for å få ein rasjonell og ressursmessig gunstig struktur for kollektivtrafikken i Rogaland. I ein

periode vil nok dette vera ein smertefull prosess. Men også på dette området trur eg transportplanarbeidet for Stavanger/Sandnes/Sola kan bidra til å peika på løysingar som kan gje eit betre kollektivtilbud både i storbyområdet og i distriktet.

Praktiske og realistiske tiltak

Ein plan som peikar på praktiske og realistiske tiltak, må vera cit hovedmål, seier Pallesen. Og dersom ein får ressursar nok i planarbeidet, har han god tru på at det vil bli lagt fram mange forslag som kan føra til gunstige transportløysingar.

I arbeidet med heilhetsplanen peikar han på 4 område, der det er viktig å utarbeida konkrete planløysingar.

- 1) Tilrettelegging for ein effektiv vegtrafikk og eit godt kollektivtilbud
- 2) Etablering av gjennomgåande gang- og sykkelvegnett
- 3) Tur- og rekreasjonsområde i nærområda til der folk bur. (Ikke større avstand enn ein halv til ein km.)
- 4) Ei arealplanlegging som effektiviserer bystrukturen. (Samordning av f.eks. veg, kloakksystem, idrettsanlegg, skule, butikkar, handels- og servicefunksjonar, og som minkar behovet for transport.)

G/s-veg / kollektivfelt

Stavanger - Sandnes

- Når du nemner gjennomgåande gang- og sykkelvegnett, kva då med gang- og sykkelveg mellom Stavanger og Sandnes?

- Greier me ikkje å leggja fram ei realistisk planløysing for dette, er ambisjonsnivået lågt. Det er ein anakronisme at ein ikkje har gang- og sykkelveg mellom Stavanger og Sandnes, som er hovedaksen i byområdet.

- Kva så med kollektivfelt mellom dei 2 byane?

- Behovet for kollektivfelt mellom Stavanger og Sandnes kan det vera liten tvil om. Ei anna sak er kor realistisk dette er i dei nærmaste åra, i lys av økonomiske rammer. Men ved ei løysing basert på ekstraordinær finansiering, bør det vera realistisk.

Arealplanlegging

Arealplanlegging er altså ei sentral side ved transportplanarbeidet. Og det er ei særsmangsdig og komplisert side. Omsynet til jordvern er ein ting. Tradisjonelt er jordvern tillagt stor vekt. Også her må ein nok, meiner Pallesen, tenka i nye baner for å finna gode sambruksmodellar for landbruk og rekreasjon, der bymønsteret blir rasjonal og transportarbeidet blir redusert.

Ei anna sak er etablering av handels- og kjøpesentra, som nesten utelukkande er basert på bruk av privatbil. Også dette problemområdet skal vurderast i samband med transportplanarbeidet. Men minst like viktig som å få kjøpesenter-estableringa under kontroll, er det å utvikla servicetilbuda i dei enkelte byområda.

- Me må foreta grundige sonevisc analyser, og sjå kva som manglar, seier Pallesen. - Målet må vera ein lokaliseringspolitikk for varehandelen som fører til betre regional fordeling. Den enkelte bydelen må i det heile bli mest mulig sjølforsynt, slik at behovet for transport blir redusert.

Mykje arbeid / kort tid

Dei som skal utarbeida Transportplanen for storbyområdet Stavanger/Sandnes/Sola står framfor eit omfattande arbeid. Og dei har kort tid. Planforslaget skal vera ferdig om ca 1 år. Fylkesplansjef Per Frøyland Pallesen understreker faren ved knapphet på tid og ressurser. Dette arbeidet er så viktig, at ein må unngå overflatiske og lettvinde arbeidsmåtar og analyser. Men han er optimistisk:

- Me er ei brei samansett gruppe som skal dra lasset samtidig og gjera arbeidet. Det heile blir eit kjempe-messig teamwork, og resultatet bør kunne bli eit godt framsteg i arbeidet med å styra utviklinga mot gode og miljøvennlege transportløysingar.

Hils på kopisten vår, Jostein Aadnøy

Tekst og foto: Eva Vivoll

Førsteinntrykket når du kommer inn i hustrykkeriet vårt er maskiner. Maskiner som kopierer, stifter, limer, presser osv., men ikke uten at Jostein styrer det hele. Herfra får vi levert alt fra bøker og hefter, til rundskriv og presseklipp. Det kan se ut som alt kan ordnes med disse maskinene, og det er visst ikke så langt unna sannheten. Hør bare om den gangen skoen min revna så kraftig at alle tærne kom ut i det fri. Da var Jostein god å ty til. Etter en time var skoen som ny igjen, og det er visst ikke den eneste skoen som er blitt limt og har stått i press i kappemaskinen.

Jostein Aadnøy begynte i Statens vegvesen Rogaland i februar 1978. Han begynte da i utedriften på anleggsavdelingen og flyttet senere til vedlikeholdsavdelingen på Bærheim. I 1984 kom han til vegkontoret, og arbeidsmengden har bare økt siden den gang, og dermed har det blitt innkjøpt større og bedre maskiner også.

Maskinparken

Den største er en "Kodak 200" som sorterer, kopierer og stifter. Den kan stifte bøker på inntil 50 ark i et

ubegrenset opplag, legge inn fargede permer, skilleark og sidenumrering.

For å belyse hvor mye denne er i bruk, forteller Jostein at snittet er på ca. 120 000 kopier i måneden. I tillegg til "Kodaken" er her en lim-innbindingsmaskin, en stiftmaskin for større hefter, en spiralryggmaskin, en kappemaskin og en kartkopimaskin.

Arbeidsområde

Disse blir brukt til trykking/kopiering av planhefter, anbud, tverrprofiler, stikningsdata, rundskriv, meldinger,

div. bøker/hefter osv. Det kan nevnes at alle anbudspapirer til Rennfast ble kopiert her, og alt ellers på huset som skal kopieres i mer enn 20 eksemplarer blir gjort av Jostein.

Han forteller at budet vårt, Helge Hågensen, er til stor hjelp når det er mye kartkopiering, men det hender at toppene blir så store at enkelte jobber må settes ut.


Jostein forteller også at han er lovet ny kartkopimaskin. Den vil kunne kopiere fra papir til transparent, fra papir til papir osv. mens den han nå har kun kan kopiere fra transparent til papir.

Det finnes fem kopieringsmaskiner rundt om på huset og en kartkopimaskin på tegnesalen i tillegg til de nevnte på hustrykkeriet. Disse inngår også i Josteins arbeidsområde med ettersyn og vedlikehold + avlesing hver måned.

I arbeidsområdet inngår også innkjøp av alt papir og utstyr til hustrykkeriet og begge kartkopimaskinene, endel kjøring (henting og bringing) og betjening av sentralbordet fra 07.00 til 08.00 om morgenen.

Hobby

Vil også nevne Josteins hobby som har gledet og gledd mange av oss i vegvesenet. På fritida bytter han ut papirer og maskiner med lerret og pensel. En kjekk og givende hobby som det blir alt for liten tid til, sier Jostein. Han har vært med på flere utstillinger, og en juleutstilling er under forberedelse i "Galleri RA". For egen regning, - ta en tur dit når julen nærmer seg.



Jostein i sving ved den omtalte kappemaskinen som også egner seg godt som skopresse

Trass i stor trafikk og "råskinn-bilistar": Trygg skuleveg-kryssing i Ganddal

Arbeidet for trygge skulevegar er viktig. Mellom anna ved bruk av midlar frå Aksjon Skuleveg er mange trafikkfeller blitt borte dei siste åra. Men samtidig kjem det nye feller og skulevegar blir gjerne farlegare i takt med trafikkauke og utbygging.

Eit tiltak for å sikra skulebarn på veg til og frå skulen er vakthald og trafikk-

dirigering ved farlege kryssingar. Slike vakthald er organisert fleire stader i Rogaland. I Ganddal har f.eks. Sandnes kommune gjennom skulekontoret hatt ei fast vaktordning ved to overgangar, ein på Rv.505 og ein på Rv.44, frå skulestart hausten 1988.

Vaktene ved Rv.505 blir delt mellom pensjonistane Knut O. Hansen og

Harald Jakobsen. På Rv.44 tar Anne Lise Lunde seg av trafikkdirigeringa. Ho har sjøl 2 barn som må kryssa den sterkt trafikkerte vegen til og frå skulen

Etter at vaktordninga på Ganddal blei sett i verk har ikkje barn blitt skada på skulevegen. Tidlegare i 80-åra var det fleire ulykker, deriblant ei dødsulykke.

Anne Lise Lunde, som kvar skuledag året rundt er ute på vegen ca 3 timer, seier at ho til tider er rysta over den uvettige kjøringa. Sjøl om det er fotgjengerfelt og ho i tillegg rettar ut varselflagget, hender det at bilar susar forbi. Det verste er, seier ho, at det synest å bli stadig verre.

At fartsgrensa nyleg blei redusert frå 60 til 50 km/t, har kanskje hjelpt litt. Men "råskinna" tar like lite omsyn til fartsgrenser som til medtrafikkantar.

Nå vil det forhåpentlegvis snart bli betre trafikkforhold i krysset der Anne Lise Lunde passar på dei myke traffikantane. Det er utarbeidd ein plan for trafiksikring i området. Arbeidet med dette vil kanskje koma i gang alt i år.



Anne Lise Lunde i aksjon med å losa skulebarn- og ungdom trygt over Rv.44 ved Ganddal. Det kan vera ein tøff jobb. Ikkje alle bilistar er like omsynsfulle, fortel ho.

Blomstrande vakre vegkantar

Slutt med kjemisk sprøyting innan 4 år

Innan 4 år tar Statens vegvesen sikt på å slutta med all kjemisk sprøyting av vegetasjonen langs vegane. I staden vil det bli brukt mekaniske eller manuelle metodar for å halda nede uønska vekster langs vegkantane.

Det er omsynet til trafikktryggleiken og vegfundament som er viktigaste grunnen til rydding langs vegkantane.

Elles er vegvesenet opptatt av at det skal sjå fint ut langs vegane. I den samanhengen har Vegdirektoratet engasjert professor i botanikk Olav Gjærevold til å gje fagleg bistand for å få etablert høveleg plante- og blomsterdekke på vegskuldrane og i vegkantane.

Omfangen av kjemisk sprøyting er sterkt redusert dei siste åra. Det preparatet ein helst har brukt og framleis til ei viss grad vil bruka i 3-4 år, er Glycosat. På landsbasis blir det brukt vel 2.000 liter. Dette er mindre enn ein

prosent av totalforbruket av Glycosat i Norge. Brukt på rette måte har ingen forskarar til nå kunna konstatera skader på menneske eller dyr av Glycosat. Ut

frå miljøomsyn vil Statens vegvesen likevel slutta heilt med sprøyting, sjøl om maskinell rydding blir 10 til 20 % dyrare.



I dag blir kjemisk sprøyting langs vegane stort sett avgrensa til under rekkverk. Innan 4 år skal også denne vegetasjonen ryddast mekanisk eller manuelt.

Vegingeniørenes årsmøte 1990 i Rogaland

Tekst: Halvor Folgerø

Vegingeniørene som er en avdeling av Norske Sivilingeniørers Forening, er en faglig interesseforening for offentlig og privat ansatte ingeniører som arbeider innen fagområdene veg- og vegtrafikk.

Hvert 2. år avvikler foreningen sitt årsmøte utenfor Oslo og i år hadde styret valgt å legge møtet til Stavanger. Noen av de lokale medlemmene av foreningen ved vegkontoret ble forespurt om å bistå med den praktiske gjennomføringen av opplegget, noe som vi selv sagt sa oss villig til.

Årsmøtet ble arrangert over dagene 8. - 9. juni i Stavanger. Selve møtet ble

på forhånd betydelig omtalt i fagtidsskriftet "Våre Veger", med bl.a. en hilsningstale fra vår egen vegsjef.

Møtepogrammet tok spesielt opp temaet samordnet planlegging, der det ble stilt spørsmål om dette er mulig. I tillegg drøftet møtet samarbeidet mellom arkitekt og ingeniør, med utgangspunkt i problemstillingen Kultur- og profesjonskonflikter. Dette er meget aktuelle saksområder og selv om det kom en del forfall fra sentrale foredragsholdere, fikk emnene en grundig dekning.

Foto: Torleif Haugvalstad

Forholdet arkitekt/ingeniør gikk særlig på samarbeid i vegplanlegging. Dette temaet har vegkontoret i Rogaland god erfaring fra gjennom bygging av ny E-18 gjennom Stavanger sentrum.

Dette prosjektet ble derfor tatt opp som egen "case" på møtet både i innlegg og ved en besparing av anlegget ved avslutningen av møtet. Vi sitter igjen med inntrykket av at deltakerne var imponert over den måten og den kvalitet som dette prosjektet er gjennomført med.

I tilknytning til årsmøtet fikk vegkontoret også anledning til å lage en lokal utstilling der vi fikk presentere noen av våre viktigste prosjekter som E-18 Stavanger sentrum, Rennesøy fastlandsforbindels, Høgsfjordprosjektet og Kyststamvegen. Dette var et godt gjennomført opplegg som på en grei og oversiktlig måte framstilte disse store og omfattende anleggene.

Den siste og uformelle delen av årsmøtet var en båttur inn til Lysefjorden via Rennesøy, Strand (Norwerks anlegg) og Høgsfjordprosjektet. Dette viste seg å bli et absolutt høydepunkt i arrangementet, takket være god bistand fra enkelte supportere samt et praktfullt sommervær. Og med grillet mat på Helleren, den mektige opplevelsen av Prekestolen samt en del improviserte innspill underveis, tror jeg at deltakerne sitter igjen med mange gode minner fra dette Rogalands-besøket.



Fra båtturen til Lysefjorden som ble arrangert i forbindelse med årsmøtet. På bildet ser vi m.a.fra v.: Jonn-Borger Magnussen, Aker Singel&Grus(nr.1), Tor Normann Torgersen (nr.2), Johan Lepperød (nr.4), Arvid Sunde (nr.6), Erik Furuseth (nr.8), Johan Filseth (nr.10), Lillian Kydland (nr.11) og Per Kydland (nr.12).

Motor-journalister og miljøet

Det er stor forskjell på hvordan motorjournalister og nyhets- og allround-journalister behandler spørsmål vedrørende biltrafikkens miljøeffekter.

Motor-journalistene fremstår gjennomgående som talsmenn for uhemmet bilisme og motstandere av miljøbegrunnede restriksjoner på biltrafikken. Samtidig forsøker de å minimalisere biltrafikkens negative miljøvirkninger.

Dette viser en nylig offentliggjort undersøkelse fra det svenska Väg- och Trafikinstitutet (VTI). Undersøkelsen viser også at "miljøsiden" har stadig større gjennomslag i svenska media.

Passasjerar i godsrom

Frå 1. juni er det ikkje lenger lov å frakta passasjerar på lasteplan eller i godsrom. forbodet gjeld for lastebilar, varebilar og kombinertbilar, både med grøne og kvite skilt.

Det er samtidig kome nye og gunstigare reglar for ombygging til personbil. Dette inneber at ekstra sete kan settast inn til ein rimelegare kostnad enn før.

Arealplanlegging - bilkjøring

Selv synes jeg bilkjøring er moro, men hvorfor skal folk kjøre som gale på kryss og tvers av by og grens for å komme på jobb, til barnehagen eller butikken!? Med bedre arealplanlegging ville vi sluppet massevis av unødig kjøring.

Planleggere og politikere: Ta dokk sammen!

Martin Schanke
Rallykjører

Kantstolper fra Hordaland grense til Lyngdal

Tekst og foto: Ingvar Reime

Statens vegvesen er i ferd med å gjennomføre et program for oppsetting av kantstolper på alle veger med en gjennomsnitts døgntrafikk (ÅDT) på over 5000 og på veger som blir salta.

Bedre oppmerking er en særlig viktig vedlikeholdsoppgave, som skal ges høy prioritet. Når det gjelder

kantstolper vil disse, i tillegg til å bedre trafikksikkerheten, ha betydning for fremkommeligheten. De vil også øke trafikkantenes trygghetsfølelse og bedre kjørkomforten.

Kantstolpene koster i innkjøp 70 kr pr. stk. I tillegg koster oppsettingen fra mellom 50 til 80 kr. pr. stk.



"Kantstolpejengen" under arbeid i Vest-Agder. Fra v.: Ingolf Ersland, Flekkefjord vegstasjon, Kai Benneth Nodland, Willy Åmodt, Magne Slettebø, Ole Tamburstuen og Terje Kydland.

Statens vegvesen Rogaland har i år satt opp ca 8.000 kantstolper fordelt på følgende strekninger:

- E 76 Hordaland grense til kryss med Rv.14 i Haugesund
- Rv.14 Hordaland grense til Stavanger
- E 18 Sandnes til Vest Agder grense (Tronvik)

Dessuten har mannskap fra Rogaland satt opp kantstolper på E 18 i Vest Agder fra Rogaland grense til Lyngdal.

Hovedtyngden av setting i Rogaland er utført av mannskap fra Egersund vegstasjon. I Vest Agder har vi hatt med 1 mann fra Flekkefjord vegstasjon.

Setteutstyr har vært en Pick-up for oppmerking, shovet med en forsterket og noe ombygd snøstikkesetter fra Nærø og en liten lastebil. Snøstikkesetteren gjør hovedarbeidet. Den stikker hol og setter ned stolpen.

I alt har 5 personer vært engasjert med dette arbeidet. Gjengen har vært over det meste av vårt fylke og dessuten i en del av Vest Agder.

Samarbeidet har gått bra, så vi har tro på at det ved arbeid av dette slaget er rett å bruke spesialister på større områder enn det enkelte vegmesterdistrikt.

Tenk miljø! Stopp motoren mens du ventar

I arbeidet for å redusera miljøulempene i trafikken, vil Statens vegvesen Rogaland nå arbeida meir aktivt for å redusera utsleppet frå motorar som sviv på tomgang.

I den store samanhengen utgjer ikkje den såkalla tomgangskjøringa så stor del av totalutsleppet frå fosile energikjelder. Men i miljøarbeidet, er all reduksjon viktig -også i global samanheng. Og som lokalt forureiningsproblem kan tomgangskjøring vera alvorleg nok på ferje-oppstillingsplassar og andre stader der mange bilar står i ventekø.

Statens vegvesen set opp 2 skilt med oppfordring til bilistane om å tenka på miljøet og stoppa motoren mens ein ventar.

I dag er det alt for mange bilar som står med motoren i gang, både i ulike

køar og andre stader. Det blir f.eks. hevdat at det innan transportnæringa er ein del av kulturen å la bilen gå på tomgang. Det kan mellom anna vera når ein står i ferjekø. Dei fleste gjer sikkert dette i tankeløysa, og utan å ha tenkt igjennom dei miljømessige konsekvensane dette har.

Statens vegvesen håpar at tomgangaksjonen får stor oppslutning, innan alle trafikantgrupper. Vegvesenet vil sjøl gå føre med eit godt eksempel, og det blir innskjerpa oversor etaten sine sjåførar at bilane ikkje skal stå og sviva på tomgang.

Isolert sett er dette eit lite tiltak i miljøarbeidet, men skal arbeidet ha framgang, vil dei mange små tiltaka og det kvar enkelt av oss gjer kunne ha avgjerande betydning

TENK MILJØ !
Stopp motoren mens du ventar på ferja.

Statens vegvesen Rogaland

Skiltet skal plasserast der det er oppstillingsplassar og ventekø for ferjer.

TENK MILJØ !
Stopp motoren mens du ventar

Statens vegvesen Rogaland

Dette vil bli brukt ved asfaltarbeid og anna arbeid på vegen, der trafikken er regulert og ventetida kan bli på fleire minuttar eller lengre.

Vegveteran i Sokndal, Bernhard Skarås: - Eg har alltid likt å slita og røyna meg

Tekst og foto: Harald Sel

- Dei hadde det vist greit på vegen.

Replikken kjem frå Mildrid Hegdal. Me sit i stova hos henne og ektemannen Bernhard på Skarås i Sokndal. Drøsen går om dei mange åra Bernhard arbeidde i Vegvesenet. Han tok til i 1926 på anlegget Rekefjord - Nesvåg, og slutta ved oppnådd pensjonsalder i 1974. To og eit halvt år, rett etter krigen, var han innom Titania, men han treivst betre som vegarbeidar.

- Eg kunne fått fast arbeid på Titania, men kom meg tilbake til vegen så snart eg fekk sjansen. Det er vanskeleg å forklara korfor eg treivst så godt i Vegvesenet. Me både sleit og fraus og leid mykje vondt. Men eg har alltid likt å slita og røyna meg, seier Bernhard.

Sterk og uredd

Slit og hardt arbeid. Bernhard har så visst ikkje gått av vegen for å ta eit tak, nei. Han seier sjøl at han kanskje var litt for sterk. Når det f.eks. var store

steinar som skulle bort, sto ofte dei andre og venta til han kom og gjekk laus på dei

Noko av det verste han var med på, var nok likevel arbeidet med å leggja bølgeblekk-tak over halvtunnelane i Jøssingfjord. Bernhard fortel:

- Det var ikkje just noko fint arbeid, nei. Det er løye at det gjekk godt. Me gjekk som apekattar og balanserte over avgrunnen. I tillegg var fjellet over rote, og rett som det var gjekk det småras. Ein gong gleid eg på ei skjene. Eg datt med brystet mot eit vinkeljern, og det gjorde skrekkelig vondt. Det var ikkje godt å arbeida etterpå, og etter 2 dagar måtte eg gje opp. Då eg kom til doktoren viste det seg at eg hadde brukke 2 sidebein.

Han humrar og ler litt, men blir straks alvorleg att.

- Ja ja. Eg var jo glad til som slapp så billig. Eg kunne like gjerne rast utfør avgrunnen.

Her skyt fru Mildrid inn:

- Ja, det var godt me ikkje alltid visste kva dei dreiv på med.

Bernhard flirer:

- Nei, det var ingen grunn til å skräma dei heime. Elles så var eg heldig heile tida. Skader av betydning fekk eg aldri i alle dei åra eg arbeidde på vegen.

Krampe, blører og sår

Bernhard Hegdal arbeidde det meste av tida med vedlikehald av vegane i Sokndal kommune. Men først fekk han oppleva anleggssarbeid av det gamle slaget på vegen til Nesvåg.

- Me måtte klara oss med feisel, bor, spett og bjødn. Steinbukk hadde me ikkje. Me velta steinane på med hjelp av spett og handemakt. Den første tida eg skulle bora, var eg veldig redd for å slå feil. Eg klemte så hardt rundt feiselen at eg fekk krampe i handa. Og hendene var fulle av blører og sår, så det var ikkje så godt. Men eg våga ikkje seia noko.

Stivfrosne brødkiver

Å vera vedlikehaldsarbeidar for nokre 10-år tilbake var så ulikt det me har i dag, at det er vanskeleg å skjøna for oss som ikkje har opplevd det. Bernhard fortel at når han f.eks. hadde arbeid på Åna Sira-heia vinterstid, tok han rutebussen frå Hauge om morgonen og heim att om kvelden. Om somrane sykla han mellom 15 og 20 km. kvar veg. Då kunne det vera fint å arbeida ute. Men i kalde vinterdagar var det å eta stivfrosne brødkiver. Eller i regnver og blåst, når ein sat gjennomblaut i vegkanten og hadde matpause.

Maskinkjøring i friluft

Etter kvart som maskinane kom, blei det mindre kroppsleg slit. Men på andre måtar kunne det likevel vera verre enn før. Ikke minst dette at ein sat i friluft på maskinane kunne vera ei steinkald oppleveling.



83-årige Bernhard Hegdal i godt selskap i sofaen heime på Skarås i Sokndal. Det er Marlin på 5 år som er på besøk hos morfar.

Framhald side 20

Opning av ny veg i Sokndal:

Ny veg for god transport og godt miljø i Rekefjord

Tekst og foto: Harald Sel

